

SPORT

God deltaking i Birkebeineren

Nordhordland Ski-klubb hadde 21 løparar på startstrekken under årets utgåve av Birkebeinerrennet, og i tillegg var også Risnes IL og Bjørn West IL representerte.

Sju av dei i alt 23 deltakarane klarte merkekravet i det 55 kilometer lange klassisk-rennet frå Rena til Lillehammer. Det såg lenge ut for at gjengen skulle få draumeforhold, men natt til laurdag og under sjøve rennet kom det nysnø og grått ver, noko som gjorde at deltakarane fekk det litt tøffare enn venta. Det resulterte i at dei aller fleste brukte noko lengre tid over fjellet, målt mot året før.

Av våre løparar var det ikkje uventa Claus Sellevoll som var den aller raskaste. Han kryssa målstrekken på Birkebeiner skistadion på sterke 3 timar og 56 sekund, noko som heldt til ein 5. plass i klasse M40. Prestasjonen blir ikkje mindre imponerende når sigerspallen i denne klassen bestod av meritterte namn som Anders Aukland, Stanislav Rezac og Oddbjørn Hjelmeset. Claus blei vidare nummer 69 i klasse Menn Elite, og totalt nummer 73 av dei nesten 15.000 deltakarane som kom til mål.

Også Bjørnar Stusdal (M25), Ståle Leiren (M35), Børge Sellevoll (M35), Tormod Vågenes (M35) og Inge Hatlebrekke (M50) gikk sterke langrenn laurdag, alle desse klarte makstida og birkebeinarmerket med solid margin. Det gjorde også Vidar Sleire Tistel frå Risnes IL, som fekk ordna seg startnummer i siste liten, og gjekk i mål på 3.25 timar.

Mellom dei som måtte bryta rennet var Kenneth Alvær frå Nordhordland skiklubb. Etter ein god start og skjema mot rundt 3.25, rauk bindingen på den eine skia ved Skramstadsætra, og han måtte bryta.

Birkebeinerrennet 2014 går laurdag 15. mars. Påmeldinga opnar i april 2013.

Innsendt av
Frode Nergård / Rune Minde
Nordhordland Skiklubb



GLADE GUTAR: Atle Austrheim, Trond Austrheim, Bjørnar Stusdal og Torbjørn Aamli.



PÅ VEG: Her er Birkengjengen i bussen.



NUMMER 5: Claus Sellevoll vart nummer fem i klasse M40 og 69 i Menn Elite. Biletet er frå innspurten i fjor.

Radøy/Manger rauk i første runde

RADØY: Radøy/Manger tapte søndag 2-0 mot Sotra SK i 1. kvalifiseringsrunde til NM.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Heimelaget skåra etter 60. og 92. minutt, etter å ha vore upresise framfor Radøy-målet før dette.

Radøy/Manger hadde ifølgje avisa Vestnytt sin journalist ingen god kamp, men radværingane hadde nokre målfarlege kontringar i det siste kvarteret av kampen, som kunne ha endra kampbiletet dersom det hadde gjeve mål.

- 2-0 kom heilt på tampen,

då hadde me ein mann att bakover, og Sotra kom på ei kontring der dei fekk to mot ein, fortel Geir Karstensen i trenarteamet til Radøy/Manger.

Til oppgjeret mot Sotra var ein del av dei mest rutinerte vekke, nokre var skada og veteranane Sindre Erstad og Sindre Marøy var begge på sydenferie.

- 1. kvalifiseringsrunde til NM gjekk veldig tidleg dette året, og Erstad og Marøy hadde bestilt sine feriar før kampen vart sett opp, seier Karstensen.

I førre veke hadde laget ein treningskamp mot Voss der det vart tap 3-0, men trass dei siste tapa meiner Karstensen at laget er på rett veg før seriestart.

- Me ser ikkje mørkt på seriestarten. I dei siste kampene er det fleire unge spelarar som har vakse og vist seg fram. Med dei som var vekke no, og dei som er

på skadelista, skal me ha femseks mann ekstra klare før seriestart.

Radværingane skal ut i ein ny treningskamp denne veka, borte mot Vadmyra på torsdag. Det vert også fleire treningskampar før alvoret startar fredag 12. april, med heimekamp mot Vik. I andre serierunde skal laget til Sotra, og kan ta revansj for tapet søndag.

Radøy/Manger stilte med dette laget mot Sotra SK søndag: Målmann Ørjan Bongom, forsvarsrekka Kristoffer Knutsen, Magnus Sundsøy, Tor Sverre Kolstad og Ricky Vetås, midtbane Anders Dragøy, Chris Lunde, Nikolai Fivelsdal, Andre Fivelsdal og Robin Amundsen, og spiss Yngve Njøten. Kim Sævdal kom inn for Tor Sverre Kolstad etter 70 minutt.

Bestetid for BS og Andrea Hestdal

MELAND: Andre Hestdal frå Litlebergen var med då laget frå Bergenssvømmerne vann NM-gull på 4 gonger 50 meter medley, under symje-NM på kortbane, som gjekk i Stavanger i helga. Hestdal hadde bryst-lengda i medleyen, som totalt sett gav ny norsk bestenotering for øvinga. Men Bergenssvømmerne hadde islandske Bryndis Run Hanssen på butterfly i denne medleyen, det gjer at tida ikkje vert registrert som ny norsk rekord.

Hestdal var også med då same lag frå Bergenssvømmerne tok sølvet på 4 gonger 200 meter fri. Elles under NM kom Hestdal seg til finalen på 200m butterfly, der ho fekk tida 2.20,81. I forsøket på same distanse fekk ho 2.21,12.